

Kva har du lært i dette kapitlet?

Namnet til eleven:

Diktatord

- 1** I Leseboka les du at det er mykje som lever i vatnet. Skriv tre ting som lever i vatn.

- 2** Kva går det an å finne inne i ein flaskepost?

- 3** Tenk deg at du skal gjenfortelje teksten under:

Det finaste eg har funne, er ein flaskepost. Eg fann han i 2000, den første dagen i året. Flaska var av plast. Ho var lita, men det var tydeleg at det låg eit brev i henne. Brevet var samanrulla. Og vått! Så eg måtte tørke brevet for å få det ut. Eg ville jo ikkje rive det sund. Då eg endeleg fekk det ut, oppdaga eg at brevet var eit stort ark med heile alfabetet på. Unnateke Å-en. Bokstavane brukte eg til å skrive ei bok med som heiter *Brevet frå havet*. Det var ikkje så farleg om Å-en ikkje var med. Eg kunne jo berre bruke to A-ar!

Skriv ned fem nøkkelord du kan bruke for å hugse teksten:

- 4** Vel ut nokre av orda under, og lag tre samansette ord:

is jord sol brann bær mann bil post
